



## NYTT OMSORGSSENTER

INFORMASJON - Mai 2016

Bebuarar/pårørande - Eid Sjukeheim/Eid Eldretun

# Flytting til nytt omsorgssenter i Eid kommune



### I løpet av våren 2017 vil det nye omsorgssenteret stå klart for innflytting.

Omsorgssenteret består av to plan med fire avdelingar som inneheld 10 rom med egne bad, eit avdelingskjøken og stove. Avdelingane har eigen inngang frå vestibyle. «Nystova» med 10 rom vil og bli ein del av det nye omsorgssenteret.

Dei nye romma er tilrettelagt med velferdsteknologi og har varslingsystem for tilkalling av hjelp og automatisk varsling dersom det er behov for det. Det vert montert takskinner til bruk av heis i rom og på bad.

Ei avdeling i plan 2 vil vere korttids-/rehabiliteringsavdeling. Dei andre avdelingane vil vere langtidsplassar der avdelingane i plan 1 vil vere for bebuarar med ulik grad av demens.

Alle som i dag har plass ved Eid sjukeheim må flytte til ei anna avdeling, då mange av romma i den eldste delen skal rivast.

Ved Eid eldretun vil avdelinga for bebuarar med demens bli overført til det nye omsorgssenteret. Det vil vere ei fagleg vurdering med gjennomgang av fordeling av plassane ved begge institusjonane. I forkant av flyttinga inviterer vi til møte mellom personale, bebuar og pårørande for å få avklart kva avdeling du skal flytte til. Meir informasjon om innhald i avdelingane vil bli gitt då.

**Vi ser fram til å kome i nytt bygg, og gjennom samarbeid vil vi legge til rette for at dette skal bli ei god løysing for alle parlar!**

### Har du spørsmål eller noko er uklart, ta kontakt med:

**Eid sjukeheim**, tlf. 57 86 20 30

Sølvi N. Ryland, solvi.nesbakk.ryland@eid.kommune.no eller  
Heidi M. Starheim, heidi.munch.starheim@eid.kommune.no

**Eid eldretun**, tlf. 975 30 876

Anne Iren Naustdal, anne.iren.naustdal@eid.kommune.no eller  
Sonja Edvardsen, sonja.edvardsen@eid.kommune.no

**eid**  
INVITERER